

KOMMISJONSVEDTAK**2001/EØS/31/21****av 17. desember 1999****om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til vaskemaskiner(*)***[meldt under nummeret K(1999) 4650]***(2000/45/EF)**KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA
HAR –med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 880/92 av 23. mars
1992 om en fellesskapsordning for tildeling av miljømerke⁽¹⁾,
særleg artikkel 5 nr. 1 andre leddet, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Etter artikkel 5 nr. 1 første leddet i forordning (EØF)
nr. 880/92 skal vilkåra for tildeling av fellesskapsmiljø-
merket fastsetjast for kvar produktgruppe.
- 2) I artikkel 10 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 880/92 er det
fastsett at den innverknaden som eit produkt har på miljøet,
skal vurderast ut frå dei særskilde kriteria for produkt-
gruppene.
- 3) Kommisjonen fastsette ved vedtak 96/461/EF⁽²⁾ miljø-
kriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til
vaskemaskiner som etter artikkel 3 i vedtaket slutta å
gjelde 30. juni 1999.
- 4) Det bør gjerast eit nytt vedtak der det vert fastsett
miljøkriterium for denne produktgruppa.
- 5) I samsvar med artikkel 6 i forordning (EØF) nr. 880/92 har
Kommisjonen rådspurt dei viktigaste interessegruppene i
eit samrådsforum.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar
med fråsegnen frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av
artikkel 7 i forordning (EØF) nr. 880/92 –

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*Produktgruppa «vaskemaskiner» (heretter kalla «produkt-
gruppa») vert definert på følgjande måte:vaskemaskiner med ilegg framme eller på toppen som vert
selde til ålmenta, bortsett frå vaskemaskiner med åtskilde
tromlar for vasking og sentrifugering og kombinerte
vaskemaskiner/tørketromlar.*Artikkel 2*Innverknaden som produktgruppa har på miljøet, og dugleiken
hennar skal vurderast ut frå dei særskilde miljøkriteria som er
førde opp i vedlegget.*Artikkel 3*Definisjonen av og kriteria for produktgruppa skal gjelde frå
den dagen det vert gjeve melding om dette vedtaket, til
1. desember 2002. Dersom det 1. desember 2002 ikkje er gjort
noko nytt vedtak om definisjonen av og kriteria for denne
produktgruppa, skal dette vedtaket gjelde anten inntil
1. desember 2003 eller inntil den dagen då det nye vedtaket
vert vedteke, alt etter kva tidspunkt som kjem først.*Artikkel 4*For administrative føremål vert produktgruppa tildelt
kodennummeret «001».*Artikkel 5*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærdet i Brussel, 17. desember 1999.

For Kommisjonen

Margot WALLSTRÖM

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakta, kunngjort i TEF L 16 av 21.1.2000, s. 73, er
nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 61/2000 av 28. juni 2000 om endring
av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei
europeiske fellesskapa nr. 42 av 21.9.2000, s. 17.

(1) TEF L 99 av 11.4.1992, s. 1.

(2) TEF L 191 av 1.8.1996, s. 56.

VEDLEGG

KRITERIUM

MÅLSETJING

For at produktet som er definert i artikkel 1, skal kunne tildelast miljømerket, må det støtte kriteria i dette vedlegget. Det kan eventuelt nyttast andre prøvingsmetodar dersom det ansvarlege organet som vurderer søknaden, meiner at dei er jamgode.

Dei ansvarlege organa vert rådde til å ta omsyn til gjennomføringa av godkjende miljøforvaltingsordningar, t.d. EMAS eller ISO 14001, når dei vurderer søknader og fører tilsyn med at kriteria i dette vedlegget vert stetta. (NB: Det er ikkje påkravd å gjennomføre slike forvaltingsordningar).

Kriteria skal særleg føre til

- mindre skade på eller fare for miljøet som følgje av energiforbruk (global oppvarming, forsuring, utarming av ressursar som ikkje kan fornyast) ved at energiforbruket vert lågare,
- mindre skade på eller fare for miljøet som følgje av bruk av naturressursar ved at vassforbruket vert lågare,
- mindre vassureining ved at unødvendig vaskemiddeltap vert hindra,
- mindre skade på miljøet som følgje av bruk av naturressursar ved at attvinning vert fremja,
- mindre støy.

Kriteria skal òg fremje best mogleg bruk og gjere forbrukarane meir medvitne om vern av miljøet. Dessutan skal attvinning av apparatet fremjast ved at plastkomponentar vert merkte.

HOVUDKRITERIUM

1. Energieffektivitet

Apparatet ha eit elektrisitetsforbruk på mindre enn eller lik 0,17 kWh per kilo tøy, målt etter standarden EN 60456:1999, ved bruk av det same normalprogrammet for bomullsvask ved 60 °C som vart valt for kommisjonsdirektiv 95/12/EF⁽¹⁾.

Søkjaren skal leggje fram ein kopi av det tekniske dokumentasjonsmaterialet som er nemnt i artikkel 2 nr. 1 i direktiv 95/12/EF. Dette dokumentasjonsmaterialet skal innehalde rapportar frå minst tre målingar av energiforbruk som er gjorde i samsvar med EN 60456:1999, ved bruk av det same normalprogrammet for bomullsvask ved 60 °C som vart valt for direktiv 95/12/EF. Det aritmetiske gjennomsnittet av desse målingane skal vere mindre enn eller lik det førnemnde kravet. Verdien som er førd opp på energiforbruksetiketten, skal ikkje vere mindre enn denne gjennomsnittsverdien, og energieffektivitetsklassen som er førd opp på energiforbruksetiketten, skal svare til gjennomsnittsverdien.

Ved kontroll, som ikkje er påkravd i samband med søknaden, skal dei ansvarlege organa nytte dei toleransane og kontrollframgangsmåtane som er fastsette i EN 60456:1999.

2. Vassforbruk

Apparatet skal ha eit vassforbruk på mindre enn eller lik 12 liter vatn per kilo tøy, målt etter standarden EN 60456:1999, ved bruk av det same normalprogrammet for bomullsvask ved 60 °C som vart valt for direktiv 95/12/EF.

Søkjaren skal leggje fram ein kopi av det tekniske dokumentasjonsmaterialet som er nemnt i artikkel 2 nr. 1 i direktiv 95/12/EF. Dette dokumentasjonsmaterialet skal innehalde rapportar frå minst tre målingar av vassforbruk som er gjorde i samsvar med EN 60456:1999, ved bruk av det same normalprogrammet for bomullsvask ved 60 °C som vart valt for direktiv 95/12/EF. Det aritmetiske gjennomsnittet av desse målingane skal vere mindre enn eller lik det førnemnde kravet. Verdien som er førd opp på energiforbruksetiketten, skal ikkje vere mindre enn gjennomsnittsverdien.

Ved kontroll, som ikkje er påkravd i samband med søknaden, skal dei ansvarlege organa nytte dei toleransane og kontrollframgangsmåtane som er fastsette i EN 60456:1999.

3. Sentrifugeringsevne

Apparatet skal oppnå eit restfukthald (òg kalla «D» eller restfukt etter sentrifugering) på mindre enn 54 %, målt etter standarden EN 60456:1999, ved bruk av det same normalprogrammet for bomullsvask ved 60 °C som vart valt for direktiv 95/12/EF.

⁽¹⁾ TEF L 136 av 21.6.1995, s. 1.

Apparatet stettar då krava til sentrifugeringsevneklasse A eller B, slik det er definert i vedlegg IV til direktiv 95/12/EF.

Søkjaren skal leggje fram ein kopi av det tekniske dokumentasjonsmaterialet som er nemnt i artikkel 2 nr. 1 i direktiv 95/12/EF. Dette dokumentasjonsmaterialet skal innehalde rapportar frå minst tre målingar av restfukt etter sentrifugering som er gjorde i samsvar med EN 60456:1999, ved bruk av det same normalprogrammet for bomullsvask ved 60 °C som vart valt for direktiv 95/12/EF. Det aritmetiske gjennomsnittet av desse målingane skal vere mindre enn det førnemnde kravet. Sentrifugeringsevneklassa som er førd opp på energiforbruksetiketten, skal svare til gjennomsnittsverdien.

Ved kontroll, som ikkje er påkravd i samband med søknaden, skal dei ansvarlege organa nytte dei toleransane og kontrollframgangsmåtane som er fastsette i EN 60456:1999.

4. Støy

Luftstøyen frå apparatet, rekna som lydeffekt, skal vere mindre enn L_{WAd} 56 dB(A) ved vask og L_{WAd} 76 dB(A) ved sentrifugering, målt etter standarden EN 60456:1999 ved bruk av det same normalprogrammet for bomullsvask ved 60 °C som vart valt for direktiv 95/12/EF.

Opplysningar om støynivået for apparatet skal gjevast på ein slik måte at dei er godt synlege for forbrukaren. Dette skal gjerast ved å ta med opplysningane på energiforbruksetiketten for vaskemaskiner.

Søkjaren skal leggje fram ein kopi av det tekniske dokumentasjonsmaterialet som er nemnt i artikkel 2 nr. 1 i direktiv 95/12/EF. Dette dokumentasjonsmaterialet skal innehalde rapportar frå minst tre målingar av støy som er gjorde i samsvar med EN 60456:1999, ved bruk av det same normalprogrammet for bomullsvask ved 60 °C som vart valt for direktiv 95/12/EF. Støynivået ved vask og sentrifugering som det er opplyst om, skal fastsetjast ut frå desse målingane i samsvar med dei standardane som er nemnde i EN 60456:1999 (der risikoen til produsenten er £ 5 %); støynivået skal vere mindre enn eller lik dei førnemnde krava, og skal førast opp på energiforbruksetiketten.

Ved kontroll, som ikkje er påkravd i samband med søknaden, skal dei ansvarlege organa nytte dei toleransane og kontrollframgangsmåtane som er fastsette i EN 60456:1999.

5. Lågare forbruk av vaskemiddel

Apparatet skal ha tydeleg volum- og/eller vektmerking i doseringskoppen for vaskemiddel, slik at brukaren kan tilpasse vaskemiddelmengda etter tøytype, tøymengd og etter kor skite tøyet er.

Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar dette kravet.

TILLEGGSKRITERIUM

6. Utforming av apparatet

Apparatet skal ha merking som tydeleg syner korleis det bør innstillast alt etter tekstiltype og vasketilvising.

Apparatet skal ha merking som tydeleg syner kva program og val som sparar energi og vatn.

Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava.

7. Bruksrettleiing

Apparatet skal seljast med ei bruksrettleiing som m.a. gjev råd om miljøvenleg bruk, særleg tilrådingar om best mogleg drift av apparatet med omsyn til bruk av energi, vatn og vaskemiddel. Bruksrettleiinga skal innehalde:

- følgjande tekst på omslaget eller på første sida: «Bruksrettleiinga inneheld opplysningar om korleis innverknaden på miljøet kan gjerast minst mogleg»,
- dersom apparatet kan fyllast med varmt vatn, råd om at slik fylling kan spare primærenergi og minske utslepp dersom vatnet vert varma opp med solenergi, fjernvarme, moderne varmeanlegg som nyttar naturgass eller olje, eller med ein naturgassfyrt vassvarmar med kontinuerleg gjennomstrøyming. Brukaren skal òg ha opplysningar om at slangen mellom varmtvasskjelda og vaskemaskina bør vere kort og godt isolert,
- råd om å vaske med full maskin når det er mogleg,
- råd om at det finst miljøvenlege moderne vaskemiddel, t.d. konsentrerte vaskemiddel,

- e) råd om tilpassing av vaskemiddelmengda etter kor hardt vatnet er, etter tøytype og tøymengd og etter kor skite tøyet er (t.d. at halvfull maskin treng mindre vaskemiddel). Det skal visast til merkinga i doseringskoppen for vaskemiddel,
- f) råd om rett sortering av tekstilar, om høveleg vasketemperatur etter tekstiltype, der det òg skal gå fram at det ved bruk av moderne vaskemiddel, t.d. konsentrerte vaskemiddel, og moderne maskiner oftast ikkje lenger er naudsynt å vaske med høge temperaturar,
- g) opplysningar om energi- og vassforbruket til vaskemaskina ved ulike temperaturinnstillingar og tøymengder, slik at forbrukaren kan velje eit høveleg program som krev minst mogleg forbruk av energi og vatn,
- h) råd om at vaskemaskina bør slåast av når programmet er ferdig, for å unngå eventuelt tap av energi. Bruksretteleiinga skal opplyse om tida som går med ved bruk av dei tilgjengelege programma,
- i) opplysningar om energiforbruket når maskina er slått av, ved bruk av tidsbrytar (programmering) og når programmet er ferdig,
- j) råd om å la vere å nytte førevask i maskina dersom det er mogleg,
- k) råd om høveleg vedlikehald av vaskemaskina, medrekna jamleg reinsing av filter og pumper og fjerning av avleiringar,
- l) råd om korleis vaskemaskina kan installerast slik at ho gjev minst mogleg støy,
- m) opplysningar om at dersom dei førnemnde tilrådingane ikkje vert følgde, kan det føre til høgare forbruk av energi, vatn og/eller vaskemiddel, noko som igjen kan auke driftskostnadene og gje dårlegare vaskeresultat,
- n) råd om korleis forbrukaren kan nytte seg av ordninga med tilbakelevering til produsenten.

Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava, og syte for at det ansvarlege organet som vurderer søknaden, får ein kopi av bruksretteleiinga.

8. Tilbakelevering og attvinning

- a) Produsenten skal utan vederlag tilby å ta tilbake med sikte på attvinning vaskemaskiner og komponentar som vert bytte ut av produsenten sjølv eller av eit selskap som har fullmakt til det, bortsett frå vaskemaskiner som ikkje er komplette, eller som inneheld komponentar som ikkje høyrer til vaskemaskina.
- b) Plastdelar som veg meir enn 50 g, skal ha varig merking som syner kva materiale dei er framstilte av, i samsvar med standarden ISO 11469. Dette kravet gjeld ikkje for ekstruderte plastmateriale.
- c) Plastdelar som veg meir enn 25 g, skal ikkje innehalde følgjande flammehemmande middel:

Namn	CAS-nr.
Dekabrombifenyl	13654-09-6
Monobromdifenyleter	101-55-3
Dibromdifenyleter	2050-47-7
Tribromdifenyleter	49690-94-0
Tettabromdifenyleter	40088-47-9
Pentabromdifenyleter	32534-81-9
Heksabromdifenyleter	36483-60-0
Heptabromdifenyleter	68928-80-3
Oktabromdifenyleter	32536-52-0
Nonabromdifenyleter	63936-56-1
Dekabromdifenyleter	1163-19-5
Klorparafin med kjedelengde på 10-13 C-atom, klorinnhald > 50 vektprosent	85535-84-8

- d) Plastdelar som veg meir enn 25 g, skal ikkje innehalde flammehemmande stoff eller preparat som inneheld stoff som er tildelte eller kan tildelast ei av dei følgjande risikoseiningane: R45 (fare for kreft), R46 (fare for arvelege skadar), R50 (svært giftig for vassorganismar), R51 (giftig for vassorganismar), R52 (skadeleg for vassorganismar), R53 (kan føre til uønskte langtidsskadeverknader i vassmiljøet), R60 (kan skade forplantingsevna) eller R61 (fare for forsterskadar), eller kombinasjonar av risikoseiningar som inneheld nokon av desse risikoseiningane slik dei er definerte i rådsdirektiv 67/548/EØF⁽¹⁾, sist endra ved kommisjonsdirektiv 98/98/EF⁽²⁾.

⁽¹⁾ TEF L 196 av 16.8.1967, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 355 av 30.12.1998, s. 1.

Dette kravet gjeld ikkje for flammehemmande middel som ved bruk får endra dei kjemiske eigenskapane sine slik at dei ikkje lenger treng klassifiserast under nokon av risikoseiningane ovanfor, og der mindre enn 0,1 % av middelet i den delen som er handsama, har same form som før handsaminga.

- e) Ved utforminga av apparatet skal produsenten syte for at det kan demonterast; han skal kontrollere at vaskemaskina kan demonterast, og levere ein demonteringsrapport. Rapporten skal m.a. stadfeste at
- koplingane er lette å finne og tilgjengelege,
 - dei elektroniske einingane er lette å finne og demontere,
 - apparatet er lett å demontere ved hjelp av vanleg verktøy,
 - materiale som ikkje høver saman og er farlege, skal kunne skiljast frå kvarandre.

Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava. Søkjaren skal syte for at det ansvarlege organet som vurderer søknaden, får ein kopi av demonteringsrapporten. Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane til søkjaren skal oppgje til det ansvarlege organet kva flammehemmande middel som eventuelt er nytta i eller på plastdelar som veg meir enn 25 g.

9. Lenging av levetida

Produsenten skal garantere at apparatet verkar i minst to år. Garantien skal gjelde frå den datoen då apparatet vert levert til kunden.

Det skal garanterast at kompatible reservedelar og service er tilgjengelege i tolv år rekna frå det tidspunktet då produksjonen tek slutt.

Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava.

DUGLEIKSKRITERIUM

10. Vaskeevne

Ved ei EN 60456:1999-prøving skal apparatet ha ein vaskeevneindeks på meir enn 1,00 ved bruk av det same normalprogrammet for bomullsvask ved 60 °C som vart valt for direktiv 95/12/EF.

Apparatet stettar då krava til vaskeevneklasse A eller B, slik det er definert i vedlegg IV til direktiv 95/12/EF.

Søkjaren skal leggje fram ein kopi av det tekniske dokumentasjonsmaterialet som er nemnt i artikkel 2 nr. 1 i direktiv 95/12/EF. Dette dokumentasjonsmaterialet skal innehalde rapportar frå minst tre målingar av vaskeevneindeksen som er gjorde i samsvar med EN 60456:1999, ved bruk av det same normalprogrammet for bomullsvask ved 60 °C som vart valt for direktiv 95/12/EF. Det aritmetiske gjennomsnittet av desse målingane skal vere større det førnemnde kravet. Vaskeeffektivitetsklassen som er førd opp på energiforbruksetiketten, skal svare til denne gjennomsnittsverdien.

Ved kontroll, som ikkje er påkravd i samband med søknaden, skal dei ansvarlege organa nytte dei toleransane og kontrollframgangsmåtane som er fastsette i EN 60456:1999.

FORBRUKARINFORMASJON

11. Forbrukarinformasjon

Teksta nedanfor skal vere påførd slik at ho er godt synleg for forbrukaren (ved sida av etiketten dersom det er mogleg):

«Dette produktet stettar miljøkriteria i fællesskapsordninga for tildeling av miljømerke fordi det nyttar lite energi og vatn, og er utforma på ein slik måte at det får lenger levetid og er lett å attvinne, reparere og disponere på ein miljøvenleg måte.»

Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar dette kravet.
